



Osterøy vgs. Vestland fylkeskommune

SMITTEVERNPLAN FOR OSTERØY VGS - RAUDT DIFTSNIVÅ.

I samband med koronasituasjonen i landet har det vorte utarbeidd ein smittevernrettleiar for skulane. Her skil ein mellom tre ulike nivå av tiltak, raudt, gult og grønt nivå (trafikklysmodellen) For alle nivå er det tre grunnpilarar i arbeidet med å bremse koronasmitte: Desse er, i prioritert rekkefølge:


- 1. Ingen sjuke møter på skulen**
- 2. God hygiene og forsterka reinhald**
- 3. Kontaktreducerande tiltak.**

Ditt bidrag er det viktigste!

- Hald avstand**
- Halde hendene reine**
- Hald deg heime dersom du er sjuk**
- Hald nede tal personar du omgår privat**



1. Ingen sjuke skal møte på skulen



For meir info sjå rettleiaren for smittevern her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/befolkningen/smittevernråd-for-befolkningen/>

Elevar og tilsette med luftvegssymptom

Elevar og tilsette med nyoppståtte luftvegssymptom og/eller sjukdomskjensle skal ikkje møte på skulen, sjølv om symptoma er milde. Testing er anbefalt. Sjå [Folkehelseinstituttets nettsider](#).

Dei skal halde seg heime til allmenntilstanden er god. Elevar og tilsette kan kome tilbake på skulen ved negativt testresultat og om dei føler seg friske og feberfrie. Dette gjeld sjølv ved restsymptom på luftvegsinfeksjon (noko hoste, snørr, tett nase).

Elevar eller tilsette som er i isolasjon eller karantene

Elevar og tilsette skal ikkje kome på skulen dersom dei er i karantene eller isolasjon. Det er ikkje skulen sitt ansvar å identifisere kven som skal i isolasjon eller karantene. For meir informasjon sjå [Folkehelseinstituttets nettsider](#).

Når sjukdom oppstår på skulen

Tilsette og elevar som blir sjuke mens dei er til stades på skulen må reise heim så snart det er mogleg. Sjuke personar som må hentast av andre, må vente på eige rom eller ute der det ikkje er andre. Sjuke personar bør ikkje ta offentleg transport.

Sjuke personar skal nytta munnbind for å redusere smittespreiing. Skulen har munnbind tilgjengeleg i administrasjonen og i klasserom.

Rom 137 skal nyttast av elevar som ventar på å bli henta alle dagar unntatt onsdag. Onsdag skal rom 132 nyttast.

Ved stadfesta smitte

Tilsett med stadfesta smitte varslar straks næraste leiar.

Kommunehelsetenesta har ansvar for oppfølging av tilfelle med bekrefta covid-19 (smittesporing), og vil varsle skulen dersom elevar eller tilsette får bekrefta sjukdom. Det er kommunehelsetenesta som skal beslutta nødvendige tiltak og definere kven som er nærkontaktar til den sjuke.

Skulen skal hjelpe med oversikt over nærkontaktar på skulen. Teieplikt og krav til personvern må overhaldast.

Kommunehelsetenesta og skuleeigar må samarbeide om kven som skal informere dei ulike gruppene (elevar, føresette, lærarar og andre tilsette) og på kva måte. Det er viktig å inkludera vikarar og midlertidig tilsette i informasjonsformidling, samt personar i andre kommunar som er tilknytt skulen der det har oppstått smitte.

Fråvær ved karantene / symptom

Fråværsgrensa

Elevar som er borte frå skulen av helsemessige årsakar, treng ikkje gå til fastlege for å få dokumentert fråværet.

- Elevar som er under 18 må ha eigenmelding frå føresett til kontaktlærer
- Elevar som er over 18 år leverer eigenmelding sjølv til kontaktlærer

Eigenmeldinga gis til kontaktlærer på papir, mail eller telefon. Ordninga gjeld resten av skuleåret.

Helsemessige årsaker er omfatta av alt helsereelatert fråvær, med anna sjukdom, skade, beinbrot, karantene eller isolasjon, samt milde luftvegssymptom og sjukdomskjensle. Fråvær knytt til psykisk sjukdom er også omfatta. Det gjeld også timar til psykolog, kiropraktor, eller liknande.

Faglærer må følgje opp eleven sitt arbeid. Det er særskilt viktig at undervisningsopplegg er tilgjengeleg for eleven i LMS (IT's learning, Google classroom eller Teams)

2. God hygiene og forsterka reinhald

Frå smittevernrettleiaren:

Toalett og vaskeservantar vert vaska fleire gonger for dagen.

Eingongs papirhandkle og såpe skal vera tilgjengeleg og søppel vert tømt regelmessig.

Spisebord vert vaska etter bruk (personalrommet).

Dørhandtak, trappegelender og andre berøringspunkt vert vaska dagleg.

Dagleg vask av pultar /arbeidsplassar.

Lokale tiltak

Skulemiljøaktivitetar som sjakk, brettspel, bordtennis, airhockey utgår.

Hendene skal alltid reingjerast før bruk av berøringspunkt som vann automatar, og mikrobølgeomnar

AntiBac er tilgjengeleg i alle klasserom og i fellesareal

Elevane skal vaske / sprita hendene når dei kjem på skulen om morgonen og elles ved behov

Elevar som arbeider på verkstad får utdelt vaskeklutar til å halde reint utstyr dei brukar

Reinhald klasserom som vert nytta av fleire

Klasserom som vert nytta av fleire elevar, skal pultar vaskast mellom klassebytte. Dette gjeld m.a. naturfagsalen (217) og klasseromma til studiespesialisering (sjå romplan). Elevane vaskar eigen pult når dei kjem inn i eit nytt klasserom. Lærar har ansvar for at reingjering er gjennomført. Faget Naturfag gjennomførast i klasserommet til klassa. Utstyr for reinhald er plassert i klasseromma.

Praktisk gjennomføring

- Elevar tar med papir til tørk av eigen pult når dei kjem inn i klasserommet og har vaska hendene.
- Lærar dusjar kvar pult, og elev tørkar over eigen pult med papir.

3. Kontaktreduserande tiltak

- Unngå fysisk kontakt som handhelsing og klemming, men eleven sitt behov for omsorg må ivaretas.
- Klassa og ei faggruppe vert rekna som ein kohort.

- Hovudregelen er ein meters avstand til alle tider.
- Elevar frå ei klasse/faggruppe skal ikkje gå inn i klasserom til andre elevar.
- Tilsette kan veksle mellom klassar, men skal halde 1 m avstand til elevar så langt råd er.
- Elevar i ei klasse eller faggruppe kan opphalde seg i fellesareal forutsett at det kan være minimum ein meters avstand til andre heile tida.
- Elevar skal ha faste plassar i kvart klasserom.
- Elevane for kvar avdeling har eigne inngangar, og eigne toalett.
- Unngå trengsel på veg inn og ut av undervisningslokala, i garderober og på toalett. I trapper og korridorar, hald til høgre.

Kantine/ mat

Kantina og personalrom er open som vanleg, men hald minimum 1 m avstand til andre.

Klassane har lunsj på ulike tidspunkt. Sjå eiga plan.

Ver merksam på at golvet er merka for å sikra avstand mellom folk i kantina.

Elevane skal ikkje dela mat og drikke.

Skulefrukost vert laga til med graut og brødsiver med enkelt pålegg, som vert servert av kantinestyraren.

Materiell

Begrens deling av for eksempel skrivesaker, arbeidsverktøy, nettbrett og liknande.

Skulebøker og pc kan transporterast mellom skulen og heimen.

Læringsmateriell og liknande skal ikkje delast mellom kohortar før dei er gjort reine.

Smitteverntiltak for skuleskyssen i heile fylket

Det er munnbindpåbod der ein ikkje kan halde 1 meter avstand. Les oppdadert informasjon på:
<https://www.skyss.no/>

Spesielt for tilsette:

Unngå handhelsing og klemming.

Hald avstand til kollegaer.

Være ekstra merksam på hygiene rundt kjøkken/pauserom.

Begrens bruk av offentleg transport til og frå arbeidsplassen når det er råd.

Dersom det er tilsette/vikarar som arbeider på fleire skuler, skal dei få opplæring i gjeldande lokale rutinar på kvar skule.

Bruk digitale møte i staden for fysiske møte der det er høveleg.

Spesielle tenester (PPT, OT, Helsesjukepleiar, skulepsykolog, logoped, fysioterapeutar, og andre) kan utføre sitt arbeid som normalt, så lenge dei følgjer dei tilrådde smittevernrutinane.

Det same gjeld gjesteforelesarar og andre innleigde.

Tiltak som gjeld bibliotek:

Det er sett opp pleksiglas ved utlånskranka.

Det står antibac ved begge inngangar.

Biblioteket er stengt når det ikkje er bemanna. Ta kontakt med administrasjonen dersom det er behov for å låne noko utanom opningstidene.

Tiltak som gjeld kroppsøving og hall / garderobe:

Hall og garderobar nyttast etter retningslinjer frå Osterøy Aktiv.

- Opplæringa bør haldast utandørs når det er mogleg.
- Garderobar og dusjar kan nyttast så lenge det ikkje er trengsel.
- Elevane bør halde ein meters avstand ved all aktivitet (inkludert svømmebasseng) og i garderobar.
- Samanslåtte klasser vert delt.

Møterom:

Digitale møter istadenfor fysiske så langt det er mogleg. Dersom møterom vert nytta har møteleiar ansvar for at bord vert reingjort etter møtet. Alle må halde avstand.

Utstyr står på rommet (antibac og papir).